



Masfjorden kommune  
Austfjordvegen 2724  
5981 MASFJORDNES

Saksbehandlar, innvalstelefon  
Kåre Træen, 5764 3004

## Masfjorden kommune – oppfølging budsjett 2020 og økonomiplan 2020 – 2023

Masfjorden kommunestyre har i møtet 21.11.2019, sak 77/2019, handsama og vedteke budsjett 2020 og økonomiplan for 2020 – 2023. Fylkesmannen har motteke saksdokumenta til orientering, med ettersending av oppdaterte økonomiske oversikter for 2020.

Kommunen er ikkje under statleg kontroll og godkjenning. Budsjett og økonomiplan er difor ikkje kontrollert etter kommunelova § 28-1 (Robek-registrerte kommunar). For alle kommunar kontrollerer Fylkesmannen at budsjett og økonomiplan er i balanse, og at det ikkje er budsjettert med uspesifiserte innsparingar. Dette brevet er ei tilbakemelding om korleis Fylkesmannen vurderer kommunens økonomi og utviklinga slik den er planlagt i budsjett og økonomiplan. Der det er manglar etter forskrift om budsjett og økonomiplan, har vi påpeika dette og bede kommunen følgje opp.

Oppsummering:

**Masfjorden kommune har høge inntekter, også etter at det blir korrigerert for utgiftsbehovet til kommunale tenester. Med dette som grunnlag har kommunen høg fri egenkapital til driftsføremål samanlikna med driftsinntektene. Lånegjelda er ved inngangen til økonomiplanperioden låg samanlikna med gjennomsnittet for landet, men vil etter større investeringar i 2020 auke meir enn driftsinntektene. Sjølv med høge inntekter blir det budsjettert med netto driftsresultat som ligg under TBUs<sup>1</sup> norm på 1,75 prosent, som er det anbefalte resultatet kommunane bør liggje på for å ta vare på kommunen sin formue over tid, opparbeide ein driftsmargin/reserve og setje av midlar til investeringar.**

**For budsjett 2021 og økonomiplanen 2021 – 2024 må kommunen følgje kommunelova med forskrifter for økonomiforvaltninga fullt ut, som at kommunestyret skal handsame og vedta finansielle måltal (handlingsreglar) for styringa av kommuneøkonomien.**

---

<sup>1</sup> Teknisk berekningsutval for kommunal og fylkeskommunal økonomi



## Kommunelov med forskrift for økonomiforvaltninga

Vi viser til vårt brev av 07.11.2019 om handsaming og innsending av budsjett og økonomiplan til Fylkesmannen. I brevet er det omtalt at budsjett 2020 og økonomiplan 2020 – 2023 skal vere utarbeidd, vedteke og oppsett etter ny kommunelov med tilhøyrande forskrift for økonomiforvaltninga. I forskrifta for økonomiplan og årsbudsjett er det m.a. krav om følgjande nye økonomiske oversikter:

- løyvingsoversikter drift etter forskrifta § 5-4
- løyvingsoversikter investeringar etter forskrifta § 5-5
- økonomisk oversikt drift etter art, jf. forskrifta § 5-6
- oversikt over den årlege utviklinga i gjeld og andre vesentlege langsiktige forpliktingar i planperioden, jf. forskrifta § 5-7.

For budsjett 2020 har Masfjorden kommune med økonomiske løyvingsoversikter for drift, investeringar og økonomisk oversikt etter art. For økonomiplanperioden 2021 – 2023 er økonomiske oversikter for drift og investering sett opp etter tidlegare forskrift, og oversikt drift etter art manglar. Oversikt over den årlege utviklinga av gjeld og andre vesentlege langsiktige forpliktingar er ikkje utarbeidd. Etter kommunelova § 14-4 skal kommunestyret sjølv vedta kor mykje lån som kan takast opp i budsjettåret. Men for Masfjorden går ikkje beløpet fram av kommunestyrets budsjettvedtak for 2020, slik lova krev. Forskrifta opnar ikkje for at bruk av driftsfond kan førast direkte i investeringsdelen, slik kommunen har budsjettert. Finansiering av investeringar med midlar frå disposisjonsfond må såleis skje gjennom bruk av posten overføring frå drift.

Etter kommunelova § 14-2 bokstav c skal kommunestyret sjølv vedta finansielle måltal (handlingsreglar) for utvikling kommunens økonomi. Finansielle måltal skal brukast i planlegging og styring, som grunnlag for å ta i vare den økonomiske handleevna over tid. Dette er ikkje med i kommunestyrets handsaming/vedtak av budsjett og økonomiplan.

## Budsjett 2020

Kommunen budsjetterer med eit netto driftsresultat på 2,8 mill. kroner, som utgjer 1,2 prosent av driftsinntektene. Resultatet er avsett til disposisjonsfond. Etter førebelse Kostra-tal<sup>2</sup> for 2019 har kommunen 60 mill. kroner i disposisjonsfond og rapporterer<sup>3</sup> etter 2019 om eit samla mindreforbruk (overskot) på 1,9 mill. kroner i balansen. Det betyr etter dette at fri eigenkapital til driftsføremål i prosent av driftsinntekter er 24 prosent. Gjennomsnittet for alle kommunane i landet (eks. Oslo) er 11,7 prosent.

Skatteinntekter og rammetilskot er budsjettert etter statsbudsjettet med 138 mill. kroner. Utvikling av folketalet samanlikna med landet har stor betydning for kommunens frie inntekter. For Masfjorden vart folketalet i 2019 redusert med 20 personar, som utgjer – 1,2 prosent. Veksten for heile landet var 0,7 prosent. KS sin prognosemodell etter oppdaterte folketal viser ein prognose for skatteinntekter og rammetilskot på 137 mill. kroner.

Eigedomsskatt er budsjettert med 21 mill. kroner, gevinst sal konsesjonskraft 6 mill. og konsesjonsavgift 2,9 mill. kroner. Desse inntektene er ei vidareføring av 2019-nivået.

Det er fordelt ei samla budsjetttramme på 155 mill. kroner til sektorane, som er ein nominell reduksjon på 2 mill. kroner samanlikna med budsjettet for 2019.

---

<sup>2,3</sup> førebelse Kostra-konserntal for balansen



Kommunen budsjetterer med investeringar i anleggsmidlar på 74,5 mill. kroner, finansiert med nye låneopptak på 36,7 mill. kroner, tilskot frå andre 19,3 mill., fond 10,3 mill. og momskompensasjon 8,2 mill. kroner. Største delen av investeringane er innan helse og omsorg. Etter Kostra-tal<sup>4</sup> for 2019 har kommunen 95,8 mill. kroner i brutto langsiktig gjeld (eks. pensjonsforpliktingar), som utgjer 37 prosent av brutto driftsinntekter. Gjennomsnittet for landet (eks. Oslo) er 110 prosent.

### **Økonomiplan 2020 – 2023**

Det er ikkje berekna netto driftsresultat i åra 2021 – 2023, men det er kvart år netto sett av midlar til disposisjonsfond i storleik 1,5 til 2 mill. kroner. Det er budsjettert med ein mindre auke i skatteinntekter og rammetilskot, medan kraftinntekter er vidareført frå 2020 med justeringar etter sentrale endringar for eigedomsskatten. Fordelte rammer til sektorområda er vidareført frå 2020 i heile økonomiplanperioden.

For perioden 2021 – 2023 planlegg kommunen investeringar i anleggsmidlar for 16 mill. kroner, av dette er 12 mill. kroner finansiert med nye låneopptak. Til samanlikning er avdrag budsjettert med 19,5 mill. kroner, og for heile økonomiplanperioden vil brutto lånegjeld auke med 22 mill. kroner til 118 mill. kroner.

### **Fylkesmannens vurderingar**

*Som følgje av inntekter frå kraftverksemdar og havbruksfondet har Masfjorden høge inntekter. Dette gjeld også etter at det vert korrigert for utgiftsbehovet til kommunale tenester, som då viser at kommunen har frie inntekter (inkl. eigedomsskatt, konsesjonskraft-/heimfallsinntekter) i 2019 som ligg 29 prosent over landsgjennomsnittet av inntekter per innbyggjar<sup>5</sup>. Med dette som grunnlag, har kommunen høg fri eigenkapital til driftsføremål samanlikna med driftsinntektene. Lånegjelda er ved inngangen til økonomiplanperioden låg samanlikna med gjennomsnittet for landet, men vil etter større investeringar i 2020 prosentvis auke meir enn driftsinntektene. Sjølv med høge inntekter blir det budsjettert med netto driftsresultat som ligg under TBUs<sup>6</sup> norm på 1,75 prosent, som er det anbefalte resultatet kommunane bør liggje på for å ta vare på kommunen sin formue over tid, opparbeide ein driftsmargin/reserve og setje av midlar til investeringar.*

*For budsjett 2021 og økonomiplanen 2021 – 2024 må kommunen følgje kommunelova med forskrifter for økonomiforvaltninga fullt ut, som at kommunestyret skal handsame og vedta finansielle måltal (handlingsreglar) for styringa av kommuneøkonomien.*

Lars Sponheim

Gunnar O. Hæreid  
ass. fylkesmann

*Dokumentet er elektronisk godkjent*

---

<sup>4</sup> førebelse Kostra-konserntal for balansen

<sup>5</sup> Komm.prp. 2021 tabell 2.4

<sup>6</sup> Teknisk berekningsutval for kommunal og fylkeskommunal økonomi